

La meg få ein
sjanse til...

Frå 10. oktober



Vi vil ha plastemballasjen din!

Du gjer ein viktig miljøinnsats når du sorterer ut plasten du har brukt. La oss gjenvinne meir.



Kvifor skal
eg sortere
ut plast-
emballasjen?

...og det med eit smil?



Gjenvinning gir **store** miljøgevinstar!

- Vi reduserer bruken av olje – ein ressurs som ikkje er fornybar. For kvar kilo plast som blir gjenvunne sparer vi faktisk to kilo olje.
- Gjenvinning er langt mindre energikrevjande enn produksjon av ny plast. Ei gjenvunne plastflaske kan spare nok energi til å lyse opp ei 60 watts lyspære i åtte timar.
- CO₂-utsleppa blir redusert med to kilo når vi gjenvinn ein kilo plast.
- Rein og tørr plastemballasje kan gjenvinnast opptil seks gongar.

Kva kan gjenvinnast?

Vi vil ha rein og tørr plastemballasje.
For eksempel:

- Plastflasker og plastkanner
- Plastfolie
- Plastposar, kaffiposar og potetgullposar
- Plastbeger og plastboksar
- Blomsterpotter og -brett i plast
- Plastbrett for matvarer, f.eks. for kylling o.l.
- Plastemballasje for elektriske og elektroniske produkt

...og mykje meir



Ikkje all plast skal i sekken

Våt, skitten og illeluktande
plastemballasje



NEI
takk

Andre plastprodukt som ikkje er emballasje:
Leiker, hagemøblar, bøtter, hageslangar, kjøkken-
reiskap og anna, kan ikkje leverast i returordninga
for plastemballasje.

Heller ikkje flasker og kanner som har vore
brukt til oljeprodukt, ekstremt brannfarleg eller
giftig avfall.

Korleis
gjer eg det?

...og det enkelt?



Skyll plastemballasjen i kaldt vatn



Sorter rein og tørr emballasje i plastretursekken



Knyt sekken og sett han saman med pайдunken på hentedag

NB! Plast og papir blir henta av samme bil på samme dag kvar fjerde veke.

MEn... ?

Når blir plastemballasjen henta?

Sjå hentekalenderen for papir for å vite dag for henting. Dersom du ikkje har ein slik, sjå www.arim.no, kommuna si nettside, eller ta kontakt med servicekontoret i kommunen di.

Får eg ein eigen dunk for plast?

Nei, vi deler berre ut sekkar. Nokre heng sekken opp på ein krok, andre kjøper eit sekkestativ.

Kva med plasten eg er usikker på?

Her gjeld det å bruke sunn fornuft. Er du i tvil eller er det for krevjande å gjere emballasjen skikkeleg rein, så gjer han betre nytte i restavfallet.

Kva skjer med plasten?

Plasten blir sortert ut frå papiret og sendt til Tyskland. Her blir dei ulike plasttypane sortert ut, før dei blir til nye produkt.

Er alt arbeidet nokon vits?

Ja - det nyttar. 86 % av plasten du samlar inn blir til ny plast.

Borettslag - Eigne løysingar

Borettslag treng tilpassa løysingar i forhold til plass og moglegheiter. De kan eksempelvis setje opp plaststativ eller større avfallsdunkar. Ansvarleg for renovasjon i borettslaget kan ta kontakt med kommunen si eller ÅRIM, for å komme fram til ei god løysing.

Ja - det blir litt forandringar i kjøkkenbenken

For å få gjort ein god jobb, er det viktig at du får lagt til rette for kjeldesortering heime hos deg. Det finst mange **gode sorterings-system å få kjøpt**, både til ny - og til eksisterande kjøkkeninnreiing. Du kan og **bruke skuffer, posar, boksar** eller andre oppsamlingsløysingar. Kjeldesortering blir enkelt og logisk når du har funne ei ordning som passar for deg. Vi har fleire forslag til løysingar på internettsida vår **www.arim.no**

Visste du at vi kan lage **klede**
av plastemballasjen din?



...og støvsugarar



...og handlevogner





...eit bilsete

...eit
teppe



...og meir



...ei matause

Plast- emballasjen sitt krinsløp

Det finst mange forskjellige plasttypar, og desse kan ikkje materialgjenvinnast saman.

Når du har levert plastemballasjen i returordninga går den til eit anlegg som sorterer dei mest brukte typane plast; PE, PP, PET og PS. Dette skjer både mekanisk og manuelt. Emballasjen blir deretter kuttet ned til små bitar og selt til fabrikkar som bruker plast i produksjonen sin. Der blir plasten smelta, forma og erstattar bruk av ny plast.

Vi nordmenn forbruker omtrent 15 kg plastemballasje kvar i året. Mengda restavfall blir redusert med opptil 40 % når du sorterer ut plastemballasjen.

Gjenvunne plast går inn i produksjonen av nye plastprodukt. Bruksområda blir stadig fleire. Mange av avfallsposane vi brukar dagleg er laga av resirkulert plast.

Det du sorterer bruker vi på ny!



– eit miljøfagleg kompetansesenter

Miljøselskapet ÅRIM har no ansvar for avfallshandteringa der du bur.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap har tatt over avfallshandteringa i tolv kommunar. ÅRIM legg vekt på miljøvennleg drift i alle ledd av avfallshandsaminga, og arbeider for å få på plass løysingar som gjer det lettare for deg å handtere avfallet ditt trygt og miljøvennleg.

Du skal framleis ta kontakt med servicekontoret i din eigen kommune når du skal endre eller opprette renovasjonsabonnement, eller har spørsmål som gjeld renovasjonen.

Giske	70 18 80 00 post@giske.kommune.no
Haram	70 20 75 00 postmottak@haram.kommune.no
Norddal	70 25 88 00 post@norddal.kommune.no
Sandøy	71 27 75 00 post@sandoy.kommune.no
Skodje	70 24 40 00 postmottak@skodje.kommune.no
Stordal	70 27 91 00 postmottak@stordal.kommune.no

Stranda	70 26 80 00 post@stranda.kommune.no
Sula	70 19 91 00 post@sula.kommune.no
Sykkylven Energi	70 24 63 00 firmapost@sykkylven-energi.no
Vestnes	71 18 40 00 postmottak@vestnes.kommune.no
Ørskog	70 27 29 00 post@orskog.kommune.no
Ålesund	70 16 20 00 postmottak@alesund.kommune.no

www.arim.no